

# Forslag frå KMD om endringar i inndelingslova

I arbeidet med konkrete inndelingssaker i den pågående kommunereforma har Kommunal- og moderniseringsdepartementet blitt merksam på behov for å gjere nokre mindre endringar i inndelingslova (lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser), for at lova kan fungere som ein tenleg reiskap ved grenseendringar.

Forslaget er sendt ut på høyring med frist 1. oktober 2015. I høyringsnotatet foreslår departementet også enkelte mindre justeringar i kommunelova. Berre ei av endringane i kommunelova blir nemnt her.

## Skjematiske oversikt over forslaget:

Forslag til endring. <i>Tekst i kursiv markerer endringa</i>	Motivasjon for endringa
<p><b>§ 3. Definisjonar</b></p> <p>Samanslåing inneber at to eller fleire kommunar eller fylke blir slutta saman til éi ny eining.</p> <p>Deling inneber</p> <ul style="list-style-type: none"><li>a) at ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire nye einingar, eller</li><li>b) at ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.</li></ul> <p>Grensejustering inneber at eit område blir flytta over frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. På same måten blir det rekna når ein heil kommune blir flytta over til eit anna fylke. <i>Departementet kan fatsetje at ei grenseendring i sak om deling etter andre ledd bokstav b skal handsamast som ei grensejustering, dersom ein mindre del av ein kommune eller eit fylke skal leggjast til ein annan kommune eller eit anna fylke.<sup>1</sup></i></p> <p>Omgrepet grenseendring i denne lova er ei fellesnemning for<sup>2</sup> samanslåing, deling og grensejustering.</p> <p>Grensefastsetjing inneber at det blir gjort vedtak om å fastsetje uklare, omstridde eller tidlegare ikkje fastsette grenser mellom kommunar eller fylke.</p>	<p><sup>1</sup> Tilføyning <sup>2</sup> på blir endra til for</p> <p>Inndelingslova er ei prosedyrelov. Prosedyren for behandlinga av deling av ein kommune er ein annan enn ved grensejustering. Ved samanslåing av fleire kommunar, f eks 5, kan situasjonen vere at samanslåinga gjeld fullt ut for 2 av dei, for 2 gjeld samanslåinga berre deler av dei opphavlege, og for 1 er det snakk om justering av noverande grenser. I slike tilfelle må det bli gjennomført fleire prosessar for å kunne oppfylle lova sine prosedyrekrav.</p> <p>Departementet meiner at det i tenkt tilfelle som nemnt ovanfor (i høyringsnotatet blir det trekt fram langt fleire moglege situasjoner), bør ikkje prosedyrane vere meir komplekse enn nødvendig. Derfor foreslår KMD tillegget til § 3, tredje avsnitt, slik det er vist i kollonna til venstre. Tillegget er med på å forenkle prosedyren for arbeidet med den nye kommunereforma.</p>

Forslag til endring. Tekst i kursiv markerer endringa	Motivasjon for endringa
<p><b>§ 16a. Forholdet til kommunelova § 60</b></p> <p><i>Dersom ein eller fleire av kommunane eller fylkeskommunane som skal slåast saman, er omfatta av kommunelova § 60, kan departementet fram til samanslåinga vedta at kommunelova § 60 skal gjelde for den nye kommunen eller fylkeskommunen. Dette gjeld berre dersom kommunen eller fylkeskommunen ikkje kan ventast å dekke inn meirforbruk frå før samanslåinga innan to år og det etter departementet si vurdering er behov for godkjenning og kontroll.</i></p>	<p>Ny paragraf.</p> <p>Paragrafen gjeld «ROBEK-status». Slik situasjonen er i dag, er det ikkje eintydig kva som skal skje dersom to eller fleire kommunar slår seg saman og der ein eller fleire er innmeldt i ROBEK på tidspunktet for samanslåing: skal den nye kommunen da automatisk bli meldt inn i ROBEK?</p> <p>Departementet meiner at det ikkje bør vere slik automatikk. Sjølv om ein eller fleire av kommunane er i ROBEK treng ikkje det innebere at økonomien i den nye kommunen vil bli slik at den blir råka av vilkåra i kommunelova § 60 om statleg kontroll.</p> <p>Formuleringa i den nye § 16 a inneber at det er opp til fylkesmannen sitt skjøn om den nye kommunen skal meldast inn i ROBEK. Dersom ikkje fylkesmannen gjer vedtak om dette, blir den nye kommunen ståande utanfor ROBEK.</p> <p>Den nye paragrafen i inndelingslova gjer det nødvendig å gjere endring også i § 60 i kommunelova. Den handlar om statleg kontroll og godkjenning av økonomiske plikter:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettår, er ikke gyldig før det er godkjent av departementet, dersom: (her blir det lista opp punkta a) – d). Nytt pkt. e) blir forslått tatt med slik som vist nedafor) <ul style="list-style-type: none"> <li>e) departementet har fattet vedtak etter lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 16a</li> </ul> </li> </ol>
<p><b>§ 16b. Forholdet til reglane om forkjøpsrett i aksjelova</b></p> <p><i>Når aksjar skiftar eigar frå ein kommune til ein annan kommune eller frå eit fylke til eit anna fylke som følge av samanslåing eller deling etter denne lova, gjeld ikkje reglane om forkjøpsrett i aksjelova §§ 4-15 (3) og 4-19 (1).</i></p> <p><u>Alternativt:</u> <i>Føresegnene om forkjøpsrett i aksjelova §§ 4-15 (3) og 4-19 (1) blir</i></p>	<p>Ny paragraf.</p> <p>Aksjelova gir aksjeeigarane forkjøpsrett til aksjar ved eigarskifte med mindre vedtekten for selskapet seier noko anna. Denne retten gjeld ved all eigarskifte.</p> <p>Korkje lova eller forarbeida til lova gir et klart svar på om samanslåing av kommunar er å rekne som eigarskifte eller ikkje. KMD meiner slik mangel er uheldig. For å klargjere dette blir det foreslått å ta inn ein ny § 16 b i inndelingslova.</p> <p>Departementet legg fram to alternative forslag til</p>

<b>Forslag til endring. Tekst i kursiv markerer endringa</b>	<b>Motivasjon for endringa</b>
<p><i>ikkje utløyste ved at aksjar skiftar eigar frå ein kommune til ein annan kommune eller frå eit fylke til eit anna fylke som følgje av samanslåing eller deling etter denne lova.</i></p>	<p>formulering av ein slik paragraf.</p>
<p><b>§ 17. Fullmakter for Kongen til å gi nærmare reglar for å setje i verk vedtak og til å gjere unntak frå gjeldande lover og forskrifter</b></p> <p>Kongen kan gi nærmare reglar for å sikre gjennomføring av vedtak om grenseendring etter denne lova.</p> <p>Når det blir rekna som nødvendig for å gjennomføre vedtak om grenseendring, kan Kongen dessutan gjere unntak frå gjeldande reglar i lov eller forskrift. Unntak frå lov må <i>knytast</i><sup>1</sup> til følgjande forhold:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) reglar om lovpålagde organ i stat, fylkeskommune eller kommune</li> <li>b) reglar om lovfesta fristar, saksbehandlingsreglar o.a.</li> <li>c) reglar om forhold og vilkår for arbeidstakrar i stat, fylkeskommune eller kommune</li> <li>d) reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt</li> <li>e) <i>reglar om kommunestyreperioden og om samansetjinga av kommunestyret slik at kommunane kan velje å korte ned kommunestyreperioden og peike ut kommunestyret i den nye kommunen av og mellom dei valde kommunestyra.</i><sup>2</sup></li> </ul>	<p><sup>1</sup> knyttast blir endra til <i>knytast</i>.</p> <p><sup>2</sup> e) = Nytt tillegg.</p> <p>Samanslåing av kommunar blir gjort gjeldane frå og med eit årsskifte, altså 1. januar. Mange av dei samanslåingane som har vore gjennomført, har skjedd i samband med kommunestyre- og fylkestingsval. Valet om hausten har derfor vore til kommunestyret i den nye kommunen.</p> <p>I nokre høve har samanslåing av kommunar skjedd på andre tider enn ved val. Dette har vore løyst på to måtar: a) anten gjennom å halde eit ekstraordinært kommunestyreval, eller ved at b) kommunestyra i dei kommunane som slo seg saman, valde kommunestyret for den nye kommunen blant medlemene i kommunestyra. Dette valet vart gjort gjeldande fram til første ordinære kommunestyreval. I realiteten er dette ei nedkorting av valperioden for dei sittande kommunestyra.</p> <p>Dei to sist nemnte måtane å velje kommunestyre på, er ikkje heimla i lov. Departementet meiner slik lovfesting bør kome på plass. Det å halde ekstraordinært val, jf. alternativ a) ovanfor, er for ressurskrevjande, meiner KMD. Den beste løysinga er å gi heimel for alternativ b) og departementet foreslår derfor å ta dette inn som ny bokstav e) i § 17.</p>
<p><b>§ 25. Felles kommunestyre- eller fylkestingsmøte</b></p> <p>Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra. Ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b kallar departementet saman</p>	<p><sup>1</sup> Nytt tillegg.</p> <p>I arbeidet med den noverande kommunereforma er kommunestyra meir eller mindre sterkt inne i bildet over ein periode. Det er nabopratar mellom kommunane og det vil bli ført forhandlingar kommunane i mellom der forhandlingsresultatet blir langt fram for dei enkelte kommunestyra.</p> <p>Departementet meiner det i slike tilfelle kanskje ikkje vil vere nødvendig å kalle inn til felles kommunestyremøte der resultatet av drøftingane i fellesmøtet deretter skal leggast fram for det enkelte kommunestyret til</p>

Forslag til endring. <i>Tekst i kursiv markerer endringa</i>	Motivasjon for endringa
<p>kommunestyra dersom kommunane ligg i ulike fylke. Ved samanslåing eller deling av fylke som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b kallar departementet saman fylkestinga. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket</li> <li>b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget</li> <li>c) kriterium for samansetting av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova</li> <li>d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda</li> <li>e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.</li> </ul> <p><i>Departementet kan gjere unntak frå kravet om felles kommunestyremøte.<sup>1</sup></i></p>	<p>godkjennning. Ein slik prosedyre kan være nødvendig, men det bør vere høve for gjere unntak frå slikt fellesmøte for ikkje å gjere prosessen unødvendig omfatande. Slikt høve bør gå fram av lova og KMD foreslår å ta dette inn som nytt andre avsnitt i § 25 i inndelingslova.</p>

Ålesund rådhus, 7. august 2015.  
th